

NYHENDEBREV NR 2/2017, 17. FEBRUAR 2017.

Høgskulen i Volda: Kompetanse for framtida

120 NYE STUDENTBUSTADER TIL VOLDA

Det har nettopp vorte kunngjort at Studentsamskipnaden i Volda har fått løyving til å byggje 120 nye studentbustader i Volda. Følg med i lokale media for meir informasjon om denne gladmeldinga!

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5816&module=news>

FORSKINGSPROSJEKT: SKAL FORSKE PÅ GEIRANGER SOM TURISTMÅL

Professor Nathalie Homlong ved Høgskulen i Volda er med i ei internasjonal forskargruppe som skal forske på transportutfordringar ved Geiranger som turistmål. Prosjektleiari er NTNU Ålesund og andre samarbeidspartar er SINTEF og Universitetet i Bonn. Finansieringskjelde er Noregs Forskingsråd, og Høgskulen i Volda sin del av prosjektet er ca 1,4 mill av i alt ca 9 mill.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5815&module=news>

ENGELSK MEDIEMASTER VART GODKJENT: MASTER IN MEDIA PRACTICES HAUSTEN 2017

Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag har fått NOKUT-akkreditering av sin nye master: Master in Media Practices. Dette blir Høgskulen i Voldas første engelskspråklege gradsgjevande utdanning. Studentar frå alle Høgskulen i Voldas grunnutdanningar i mediefag skal kunne kvalifisere for opptak til masteren. Det er bachelor-utdanningane i animasjon, journalistikk, PR og kommunikasjon og Media, IKT og design.

Les meir om masterutdanninga:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5809&module=news>

IVAR AASEN-HUSET: ENDRA PLANAR OM OPPUSSING

Volda kommune har bestemt seg for å endre planane for oppussing av Ivar Aasen-huset. På grunn av ei rekkje uavklara spørsmål har Volda kommune bestemt seg for å droppe planane om å byggje ein tredje etasje no. Det er uklart om oppgradering av ventilasjon, lys og varmestyring blir gjort sommaren 2017 som planlagt eller om det også blir utsett.

HVO-BOK OMSETT TIL 10 SPRÅK: "TYPISK NORSK Å VERE UHØFLEG"

Reidun Aambøs bok "Typisk norsk å vere uhøfleg" har no vorte omsett også til rumensk, og det er det tiande språket boka er å finne på i tillegg til norsk. Dei 10 språka er: Engelsk, tysk, polsk, spansk, kinesisk, russisk, swahili, arabisk, japansk og no: Rumensk.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5805&module=news>

STYRINGSMODELL: VALD ELLER TILSETT REKTOR?

Høgskulestyret ønskjer å vurdere kva styringsmodell Høgskulen i Volda skal ha i framtida i samband med at høgskuledirektøren har varsla at han ønskjer å slutte hausten 2017. Organisasjonane, avdelingsråd, studentane og andre er inviterte til å kome med høyringssvar i saka. Svarfrist er måndag 20. februar. Det har vorte laga ei nettside med dokument i saka om styringsmodell.

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/val-av-styringsmodell>

STYRINGSMODELL: GODT BESØKT OPE MØTE 1. FEBRUAR

Det vart tilskipa ope møte om styringsmodell 1. februar med gode innlegg frå eksterne innleiarar – tre tidlegare rektorar. Seminaret hadde ca 80 tilhøyrarar. Powerpoint-presentasjonar frå seminaret er å finne på nettsida ovanfor. Du kan også lese om seminaret på våre nettsider:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5799&module=news>

STUDENTVEKA GODT I GANG - OG VEL SÅ DET

Studentveka starta med revypremiere laurdag 11. februar. Revyen Exit 2016 vart av ordførar Jørgen Amdam omtala som ein av dei beste han har sett i sine 30 år som revyngengar. Les meir om Studentveka 2017 på nettsidene til Rokken:

<https://www.rokken.no/aktuelt/arets-veka-program-article490-935.html>

STRATEGIPLANEN 2017-2020

På styremøtet 26. januar 2017 vart strategiplan for 2017-2020 vedtatt. Strategiplanen er det overordna interne styringsdokumentet for Høgskulen i Volda. Blant anna er det ikkje lenger ein eigen strategiplan for FoU. Høgskuleleiinga skal 20. januar ha eit eige møte for å diskutere korleis planen skal følgjast opp.

Du finn strategiplanen her:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/styringsdokument>

På dei interne nettsidene (krev innlogging) finn du både den endelege strategiplanen og innspel frå høringsrunden:

<http://www.hivolda.no/innsida/fellesadministrasjonen/samfunnskontakt/strategiplan-2017-hoyring>

FEMÅRIG GRUNNSKULELÆRARUTDANNING: BETRE LØN OG SIKKER JOBB

Hausten 2017 tek Høgskulen i Volda i mot sine første studentar på den nye femårige grunnskulelærarutdanninga. Nesten 100 fagtilsette var samla i Loen 13.-14. februar blant anna for å planlegge utdanninga. Deltakarane ser ei rekkje fordelar med den nye utdanninga: Meir fagleg fordjuping, høve til internasjonal utveksling og betre løn når ein er ferdig med utdanninga er nokre av fordelane. Arbeidsmarknaden for lærarar er også god. Barnehagelærarutdanning og PPU var også samla i Loen for å utvikle sine utdanningar.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5812&module=news>

STUDIEBAROMETERET: NØGDE VOLDASTUDENTAR

Studentane ved Høgskulen i Volda er stort sett nøgde med sine studium på høgskulen syner tal frå Studiebarometeret 2016 som vart presentert februar 2017. Høgskulen i Volda er blant dei regionale høgskulane som får best karakter frå studentane.

Les mer om Studiebarometeret på våre nettsider:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5803&module=news>

Les også rektorbloggen om Studiebarometeret 2016:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2017/02/06/studiebarometeret-gode-tal-for-hogskulen-i-volda/>

GODT BESØKT INTERNASJONAL DAG

Internasjonal dag vart arrangert 8. februar 2017 og vart eit godt besøkt arrangement som synte fram Høgskulen i Voldas internasjonale engasjement i full breidde med 20 internasjonale gjestar frå internasjonale partneruniversitet. Studentane hadde sett opp stand for mange av landa som Høgskulen i Volda har samarbeidsavtalar med. I alt har Høgskulen i Volda over 120 samarbeidsavtalar. Les meir om internasjonal dag på våre nettsider:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5806&module=news>

VOLDA CAMPUS ARENA: ASPLAN VIAK TILRÅR PLANANE

Asplan Viak har vorte leigd inn av Høgskulen i Volda for å lage ei konsekvensutgreiing av dei mange planane for utvikling av høgskuleområdet: Nytt mediehus, idrettsanlegget Volda Campus Arena og Voldatunnellen. Asplan Viak skriv i sin rapport at dei ikkje ser store problem for Høgskulen i Volda i

byggjefasen eller etterpå. Det føreset godt samarbeid i byggjeperioden og det blir også tilrådd at Volda kommune kjøper den såkalla Rotevatn-tomta i nærleiken av høgskulen som erstatning for arealet som vert nytta til Volda Campus Arena. Høgskulen kan risikere å misse ca 40 parkeringsplassar når "Sivert Aarflot-huset" blir bygd, men Asplan Viak meiner parkeringsproblema kan bli løyste ved å innføre betalingsparkering. Ut frå denne rapporten har høgskuledirektør Jacob Kjøde jr sendt brev til Volda kommune med beskjed om at Høgskulen i Volda ikkje har innvendingar mot at det blir bygd idrettshall (Volda Campus Arena) på Jopllassen.

PRESSEKLIPP OM HØGSKULEN I VOLDA

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende/presseklipp>

VIKEBLADET: TEKNOLOGISKULEN I ULSTEIN KOMMUNE: HØGSKULEN I VOLDA UTDANNAR LÆRARAR

Høgskulen i Volda og Ulstein kommune har teikna avtale om vidareutdanning av 130 lærarar i kommunen i prosjektet "teknologiskulen". Les meir om dette i avisa Vikebladet:

<http://www.vikebladet.no/nyhende/2017/01/29/Oppstart-for-Teknologiskulen-14133541.ece>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

Dei siste innlegga handlar om kvinnelege akademikar-pionerar i Volda, Studiebarometeret, om rekordmange forskarar ved Høgskulen i Volda, aukande tal medieomtalar av Høgskulen i Volda og det nye studiet: Helsefag for sosialarbeidarar.

KVA SKJER I 2017:

28. feb: Ope folkemøte: Det gode liv - heile livet

8. mars: Styremøte 2/2017

17. mars: Seminar om karrierebygging og karriereutvikling (arr.: Forskarforbundet ved Høgskulen i Volda)

26. april: Den norske dokumentarfilmfestivalen

20. juni: Fjordkonferansen 2017 (Loen)

15. aug.: Studiestart hausten 2017

22. sep.: Forskingsdagane 2017: "Verdiar"